

# Kongleriket

-heilt kongle!



## Jul i Kongleriket

# Jul i Kongleriket

Ei natt i desember har Anna ein underleg draum. Ho drøymmer om vennene sine i Kongleriket som ho har det så kjekt saman med.

Det er seint på ettermiddagen i Kongleriket, like før jul. Det snør, og Lucy Lemen er på veg til kontoret sitt for å gjere ferdig neste nummer av Konglenytt. Lucy er uroleg. Stemninga er slett ikkje slik den brukar å vere like før jul. Vanlegvis på denne tida er alle godt i gang med å førebu jula. Dei snikrar og hamrar, bakar og syltar, og alle skriv juleønske som skal leggest i ønskebrønnen. Men i år er alt annleis.

Lucy har akkurat møtt på Elin Ekorn, som kunne fortelje at ho held på å hekle seg bikini. Ho har nemleg tenkt å reise til Syden i jula. Det er ingen vits å bli heime slik som alt har blitt i år, meiner ho.

Litt seinare møter ho på ein opprørt Brede Bre. "Eg nektar å vere Santa Lucia i år", seier han med skjelvande røyst. "Eg nektar plent." Han stikk ein dirrande peikefinger i vêret og ser både sint og lei seg ut på ein gang, endå han vanlegvis elsker snø og kulde. Som ei kvit ånd forsvinn han fnysande inn i skogen.

Lucy kjenner seg ikkje så lite opprørt sjølv. Ho veit godt kva som er skuld i alt dette elendet: Julenissen! Heilt sidan den gamle nissen flytta til Nordpolen, har det lege ei uro over Kongleriket. Korleis skal dei klare seg utan julenisse på julaftan?

Lucy er fælt lei seg. Dette går ikkje lenger. Noko må gjerast, elles blir heile jula øydelagt


i Kongleriket. Ho grublar heile kvelden medan ho lagar ferdig Kongleposten. Brått får ho ein idé: Ho kan blogge og fortelje at dei leitar etter ein nisse i Kongleriket. Glimrande idé, tenker ho, og skrir straks til verket.

Ein av dei som brukar mykje tid på nettet om dagen er Gaute Gris. Gaute Gris er ingen lukkeleg gris der han sit framfor skjermen denne desembermorgonen. Nei, tvert i mot, ein kan vel nærast seie at han er ein ganske trist gris. Gaute har nemleg ikkje noko arbeid. Før var han ein fornøgd gris som arbeidde som sparegris. Men så fann nokon ut at det var mykje meir morosamt å putte pengar på eit lemen!

Frå å vere ein glad og tjukk gris, har han no gått kraftig ned i vekt og blitt ein rett så mager og ynkeleg gris. Nei, det er ikkje lett å vere ein gris utan skikkeleg arbeid!

Dette tenkte Gaute Gris på då han las bloggen til Lucy:

"VI SØKER JULENISSE TIL KONGLERIKET. HASTAR VELDIG! MÅ VERE GOD OG RUND MED GODT HUMØR. BØR HELST HA VORE JULENISSE TIDLEGARE. RING LUCY LEMEN PÅ TEL. 123 FOR NÆRARE AVTALE"



Gaute Gris blir straks interessert. Dette er ein jobb for han. Han rett og slett elsker jula og har då trass alt vore sparegris tidlegare. Det er då nesten det same som julenisse, er det ikkje det...? Han blir brått litt usikker. Og så kjem han på kor tynn han har blitt. Dei søkte jo etter ein tjukk nisse.... Trist slår han av dataskjermen og går ut for å rulle seg litt i søla i staden. "Det er sikkert ingen vits i å søke på jobben", tenker han og sukkar.

På kontoret sitt sit Lucy Lemen og håpar at nokon skal ta kontakt. Ho ventar ein time, ho ventar to, men ingenting skjer. Lucy har nesten gitt opp alt håp då det brått kimer i telefonen. "Ja hallo, dette er Lucy Lemen, sjefsredaktør i Kongleposten, kven snakkar eg med?" seier ho så verdig ho kan og prøver å skjule kor spent ho er.

Det blir stille i den andre enden. Ei lang stund. Lucy tenker at det kanskje er Apen Albert som driv med tulleringing. Tulleringing er nemleg ein av dei vanlege rampestrekane hans på kveldstid. Ho skal akkurat til å legge på då ein svak stemme begynner å snakke i den andre enden.

"Hallo, eg heiter Gaute. Orsak at eg ringer så seint, men eg har brukt heile dagen til å samle mot...kremt, kremt... Eg vil gjerne søke på jobben som julenisse om den framleis er ledig."

Lucy blir lys vaken med ein gang. "Neimen så hyggeleg. Kva tid passar det med eit intervju?"

Dei avtalar at Gaute skal komme til Lucy sitt kontor neste morgon. Ho kan nesten ikkje sove, så spent er ho, og ho må binde seg fast til sengestolpen for ikkje å flyge til vêts i rein opphissing.

Spent er også Gaute Gris. Og uroleg. Han har prøvd ei nissedrakt han har kjøpt på ein loppemarknad tidlegare på dagen, og den heng og sleng sørgeleg rundt kroppen på han. For å likne litt meir på ein julenisse tar han ei stor sofapute og stappar innanfor drakta. Det ser ikkje så veldig bra ut. Gaute har ein stor klump i magen når han går og legg seg. Dette kjem aldri til å gå bra.

Men neste dag møter han likevel opp på Lucy sitt kontor. Lucy blir svært skuffa når ho får sjå han. "Kva er no dette for noko? For ein mager og ynkeleg figur! Puta som stikk ut under nissedrakta får han berre til å sjå endå meir bedrøveleg ut. Og liknar han ikkje mistenkeleg på ein gris!? Ein gris passar då slett ikkje som julenisse!" Men for å vere høflig, synest ho likevel at ho må stille han nokre spørsmål.

"Svar meg ærleg" begynner ho. "Er du ein gris?"

"Tja...jo...eg er nok ein gris," vedgår Gaute, og så fortel han om livet sitt som sparegris.

Lucy begynner å synest synd på han. Han verkar også som ein veldig hyggeleg gris. Og då han fortel at borna no i staden puttar sparepengane på eit lemen, får ho reint av litt dårleg samvit. Sjelvsagt forstår ho kvifor banken bestemte at dei skulle bruke eit lemen som sparegris, det er jo utan tvil ein glitrande idé, men ho forstår også at dette er ein svært trist situasjon for den stakkars grisen som sit framfor henne.

"Dersom ein no feita han opp... ", tenker ho. "Skal tru om han likar blåbærpai... ?" Ho har jo heller ikkje så veldig mange andre søkarar til jobben.

"Du er tilsett," avbryt Lucy, midt i ei setning der Gaute held på å fortelje korleis han no brukar dagane til å surfe på nettet eller rulle seg i grisebingen og plukke rusk ut av navlen sin. Gaute kan nesten ikkje tru sine eigne øyre når han høyrer det gunstige tilbodet. Han har fått seg jobb! Å, som lukka kan snu seg for ein gris....

"Det første vi må gjere er å feite deg opp" seier Lucy bestemt. "Vi har to veker att til jul, så det hastar. Du kan flytte inn i trykkeriet. Dit er det ingen andre enn eg som kjem. Ingen må sjå deg før julaftan. Kven som er nissen må vere ei stor overrasking. Likar du blåbærpai..."

Gaute nølar..." Eg likar eigentleg best graut, om eg skal vere ærleg..."

"Som det passar seg for ein nisse," nikkar Lucy fornøgd. Dette skal ordne seg. Snart har Lucy fått plassert Gaute i trykkeriet der han lever i skjul til det blir julaftan.

Og no må nyheita spreist til alle i Kongleriket! På første sida i Kongleposten skriv ho at det har komme ein nisse til Kongleriket under mystiske omstende. Ho fortel korleis det går rykte om at han er forferdeleg tynn og treng graut. Førebels er det ingen som veit kvar han bur, men graut kan settast utanfor kontoret til Kongleposten, så skal Lucy Lemen personleg sørge for at nissen får den.

Ikkje lenge etter at avisa er levert til alle i skogen, høyrer ein jubelbrøla frå tretoppar, holer og røter. Og no blir det liv i Kongleriket! Frå alle

krokar og krikar kan ein høyre banking og spikking, baking og sylting. Elin Ekorn lar bikini vere bikini og begynner i staden å hekle julehjarte. Hjørdis Hjort er ikkje sein om å få fram hjortetakka og nynnar medan ho bakar med den eine handa og lagar graut med den andre. Nissen skal ikkje svelte i hennar skog, nei. Kåre Bjørn kallar raskt saman til bandøving. Han nynnar på ein munter julesang der han traskar gjennom snøen og tenker på kor han gler seg til å ete graut saman med den nye nissen. Graut er nemleg det beste han veit. Etter blåbærpai då.

Brede Bre er også i eit forferdeleg godt humør, for no skal han vere Santa Lucia likevel. "Santa Lucia - Santa Luciiaaaaaa", syng han skjerande... medan han øvar inn nokre flotte dansesteg som passar til sangen.

Og endeleg er det julaftan. Alle i Kongleriket har samla seg heime hos Hjørdis Hjort for å vente på nissen. Lucy snik seg ut bakdøra og skundar seg til trykkeriet for å hente Gaute som alt er klar i nissedrakta. Han held på



øve seg på kva han skal seie: "Ho, ho, er her nokon snille dyr her i kveld?" mumlar han, om og om att, for seg sjølv. Han er litt nervøs, men gler seg også fælt til kvelden. Gaute har ete så mykje graut dei siste vekene at han har blitt stor og tjukk som ein skikkeleg julegri... julenisse! Nissedrakta sit stramt rundt magen på han, og det var berre så vidt han fekk på seg beltet.

Lucy tassar gjennom skogen og kjenner at ho gler seg slik til kvelden at ho held på å sprekke. Men kven i all verda er det som står utanfor trykkeriet? Ho myser og ser at det er heile musepatruljen som står der og ventar på henne, alle med horn på hovudet!

Dei fniser nervøst og dyttar den største fram for å snakke. Lucy ser til si forundring at han har på seg ein stor, raud nase.

"Kva er det no dei har funne på?" tenker ho irritert. "Vi har då ikkje tid til ablegøyer no når alle ventar på nissen."

"Vi har ein idé," seier musa med den raude nasen. "Vi tenkte kanskje at vi kunne vere reinsdyra til nissen."

"Ja, for nissen skal vel ha ein slede?" seier ei anna lita mus.

"Vi kan bruke vogna som sparebøssene brukar å bli frakta til pengetreet med!" ropar ei tredje mus ivrig.

"Og då må det jo vere reinsdyr som dreg den!" hoiar ei fjerde.

"Og dei reinsdyra kan vere oss!!!" ropar ei femte mus så ivrig at stemmen forsvinn heilt opp i fistel.

Lucy ser først litt forvirra frå den eine til den andre, før ho innser at dette er ein fantstisk idé. Ho har jo heilt gløymt å tenke på slede!

Og slik gjekk det til at Gaute blei køyrt gjennom skogen i ein julepynta slede trekt av ni små mus. Den største musa sprang fremst, med raud nase, akkurat som Rudolf. Rett nok var det ganske tungt å dra Gaute og alle pakkane i sleden, men mysene hadde det så moro at dei slett ikkje tenkte på det. Heime hos Hjørdis stod alle spente i vindaug og venta på nissen. Då dei såg musepatruljen komme pesande med Gaute i sleden, trudde dei knapt sine eigne auge.

Det blei ein julaftan dei seint vil gløyme. Alle fekk det dei ønskte seg, og aller, aller gladast var dei for at dei hadde fått ein ny nisse i Kongleriket.

